



RUTINAR FOR OVERGANGAR MELLOM BARNEHAGANE I SYKKYLVEN

Når eit barn av ulike årsakar flyttar over frå ein barnehage til ein annan, er det viktig at begge barnehagane og foreldra samarbeider slik at barnet kan få ein trygg og god overgang. I dei fleste tilfelle skjer overgangen i samband med oppstart av nytt barnehageår, og rutineskjemaet tek utgangspunkt i dette.

Rutineskjema:

Aktivitet	Tidspunkt	Innhald	Ansvarleg
Dialogmøte mellom foreldre/føresette og styrar/ped.leiar ved den «gamle» barnehagen	Mai	Avklare om barnet har særlege behov som den «nye» barnehagen bør ha kjennskap til. Semje om eventuell samtykkeerklæring for overføring av informasjon	Styrar ved den «gamle» barnehagen
Felles møte mellom foreldre/føresette, «gammal» og «ny» barnehage, ved behov	Mai/juni	Informasjonsutveksling om barn som har ekstra behov for tilrettelegging (samtykkeerklæring). Har barnet ansvarsgruppe vert møtet lagt dit.	Ped.leiar ved den «gamle barnehagen»
Overføringsamtale mellom ped.leiarane ved «gammal» og «ny» barnehage	Juni	Informasjonsutveksling om barnet. Samtykkeerklæring for overføring av informasjon mellom barnehagane skal nyttast (eige skjema).	Ped.leiar ved den «gamle barnehagen»
Invitasjon/foreldremøte	Juni	Barn og foreldre/føresette får invitasjon til å besøke den «nye» barnehagen for å gjere seg kjent	Styrar ved den «nye» barnehagen
Oppstart	August	Barnet skal få ein fast kontaktperson/tilknytningsperson på avdelinga til det føler seg trygt i det nye miljøet (tilvenningsperiode)	Ped.leiar ved den «nye» barnehagen
Evaluering	Første foreldresamtale etter oppstart	Foreldre/føresette og ped.leiaren skal i fellesskap evaluere overgangen. Vurdering av om nye tiltak/ekstra tilrettelegging for barnet er naudsynt	Ped.leiar

Dersom overgangar skjer etter at nytt barnehageår har starta, skal rutineane i skjemaet følgjast, men tidspunkta for dei ulike tiltaka må tilpassast det som er praktisk gjennomførbart.